

Bonden  
 ser på pæretreet  
 utanfor vindauga  
 Det gamle treet som  
 vår etter vår tek imot fuglar  
 Dei kjem attende etter  
 fire millionar mil og kviler vengene  
 Dei byggjer reir og syng  
 om alt dei har sett  
 om skogar av stål og betong  
 om mørke skyer og soloppgangar  
 om lyd av bølger og beltebilar  
 Songane skriv dei inn i barken  
 på det gamle treet år for år  
 med skarpe klør

K v a r m o r g o n  
 s t a v a r  
 b o n d e n  
 t i d a  
 g ø y m t  
 i e i t  
 f u g l e -  
 a l f a b e t